

Kultur- og oppvekstetaten


Dato : 07.01.2005
Vår ref. : 05/29-2/K2-A10/
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Ingvild Selfors
Telefon : 61 21 61 07
Telefaks : 61 21 61 01



**Nord-Fron
kommune**

Barne - og familiedepartementet
Familie-, barnehage- og likestillingsavdelingen
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO



Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

MERKNADER TIL HØRINGSNOTAT OM FORSLAG TIL NY BARNEHAGELOV

Vedlagt følger merknader frå Nord-Fron kommune til høringsnotat om forslag til ny barnehagelov.

Desse avdelingane har levert høringsuttale:
Kultur- og oppvekstetaten, Nord-Fron kommune
Kvam barnehage
Kåja barnehage
Skåbu barnehage

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
7855 05 05168

Merknadene blir og oversendt via e-post.

Med helsing

Ingvild Selfors
Ingvild Selfors
barnehagekonsulent

Høringsnotat om ny barnehagelov

Høringsuttale frå Kultur- og oppvekstetaten i Nord-Fron kommune:

Lovutkastet legg opp til at ansvaret for finansiering av barnehagesektoren skal overførast til kommunane i nær framtid. Vidare skal kommunen som lokal barnehagemyndighet ha ansvaret for å sikre tilstrekkeleg tal på barnehageplassar og at barnehagane drives i samsvar med gjeldande regelverk.

Det er riktig og viktig at kommunane får dette ansvaret.

Det er likevel viktig at det i loven blir gitt klare føringar og pålegg for drift av barnehagane. I ei tid med stadig strammare kommuneøkonomi er alle kommunane pressa til å finne innsparingspotensiale. Alle område blir vurdert og ein pressa kommuneøkonomi kan tvinge kommunane til å redusere på tilbod som ein i utgangspunktet ikkje ønskjer å redusere, og der ein ser at reduksjonane fører til reduksjon av kvaliteten.

For å sikre eit kvalitetsmessig godt tilbod til ungar i førskolealder er det derfor viktig at lova legg klare rammer for og stiller krav om minimumsnormer som sikrer både omfang av barnehagetilbod og innhold.

Innholdet og kvaliteten på barnehagetilbodet blir i første omgang sikra gjennom gode lovbestemte normer som sikrer "botn" i tilbodet. Utgangspunktet for å drive ein god barnehage må vere gode arealnormer og krav til nødvendig kompetanse hos dei som skal jobbe i barnehagen og krav om oppfølging gjennom planer som sikret utvikling og kompetanseutvikling i personalet. Det vil vere ein styrke og kvalitetssikring av barnehagane at det ligg felles, nasjonale normer på desse områda. Da har ein sikre seg at "botn" i tilbodet er god. Kommunen som barnehageeigar, må så ta sitt ansvar med å utvikle tilbodet til ein god barnehage som ein del av utdanningssystemet for ungene.

Det er viktig å vidareutvikle barnehagen slik at den får den posisjon og status som er riktig: Eit godt pedagogisk tilbod til ungene i førskolealder og ein del av eit samanhengane utdanningssystemet.

Dersom eit godt grunnlaget for alle barnehagane er lagt i barnehageloven, sikrer ein eit godt barnehagetilbod til alle barn uansett bakgrunn og kor dei bor. Det blir vidare opp til den enkelte kommune og den enkelte barnehage å utvikle tilbodet med dei lokale variasjonane som ein ønskjer og som det er behov for.

Konkrete innspel til lovutkastet:

- Styrar må ha førskolelærerutdanning og leiarkompetanse.
- Pedagogisk leiar må ha førskolelærerutdanning.
- Det må vere ein norm for tal på pedagoger pr. barnegruppe. Normen må minimum vere slik den er i dag.
- Arealnormene som er i dag må vidareførast.

Viktig å vidareføre:

- Kommunen som godkjenning- og tilsynsmyndighet for private barnehagar/familiebarnehagar.
- Sammen normer og retningsliner for private som vil drive barnehage som for dei offentlege barnehagane.

Vinstra 23.12.04

Irène Nystad
Irène Nystad
Kultur- og oppvekstsjef

HØRINGSUTTALE TIL FORSLAG OM NY BARNEHAGELOV – Kvam barnehage

Bakgrunn for saken:

Barne- og familiedepartementet har lagt fram forslag til ny barnehagelov, grunna i eit behov for oppdatering og forbetring av barnehageloven av 5.mai 1995 nr.19.

Høringsnotatet gjer også rede for bakgrunnen for endringsforslaga og gir ei stutt beskriving av barnehagesektoren i dag. Rammefinansiering av barnehagesektoren har vore eit mål i fleire år. Rammefinansiering betyr at kommunane får ansvaret for finansieringa av barnehage tilbudet, medan staten tilfører kommunen midlar gjennom inntektsystemet.

Høringsnotatet har difor som utgangspunkt at ansvaret for finansieringa skal overførast til kommunen i nær framtid.

Vidare skal lovendinga legge til rette for nyetableringar, kommunalt handlingsrom og mangfold i tilbudet.

Når det gjeld kvalitetssikring av barnehage tilbudet har det vore vurdert av ei arbeidsgruppe. Gruppa sine tilrådingar blir referert i høringsutkastet.

Viktige områder med forslag til endring:

Rammefinansiering av sektoren: Driftstilskotet til barnehager blir innlemma i inntektsystemet frå 1. januar 2006 (fleirtal i Stortinget). Lovverket pålegg kommunen likeverdig økonomisk ansvar for og behandling av private og kommunale barnehager. Ved utgangen av 2003 var 51% av barnehagane i landet private.

Offentlege driftstilskot (stat og kommune) utgjer i dag 80% av finansieringa til barnehage, medan foreldrebetalinga utgjer 20%.

Formålsparagraf: Bestemmelsen blir vidareført utan endringar (§6, s. 24,25)

Barnehagen sitt innhald: Det skal, som no, vera ein forpliktande rammeplan som gir retningslinjer for innhaldet. Den skal skissere forpliktande mål som barnehagen skal arbeide mot, krav til det sosiale samspelet i kvardagen og fem fagområder som alle barnehager skal arbeide med i løpet av dagen. (s. 26 – 34)

Barna sin rett til medvirkning: Gjeldande barnehagelov har ingen bestemmelse om barna sin eigen rett til medvirkning i barnehagen, men rammeplanen har det. Med utgangspunkt i FN sin barnekonvensjon blir det foreslått at ein slik bestemmelse blir lagt inn i loven. (s. 37).

Ansvar og myndigheit (godkjenningssplikt, tilsyn og kommunen sin plikt til å ha nok plasser): Departementet foreslår å skjerpe vilkåra for når ei verksemd er godkjenningsspliktig. Ordlyden blir foreslått endra frå ”*fleirtalet av barna skal ha opphaldstid på meir enn 20 t/v*” til ”*eitt eller fleire barn har opphaldstid på meir enn 20t/v*” (s. 41-44)

Departementet foreslår ein ny bestemmelse som stadfester og klargjer barnehageeigar sitt ansvar. Alle ansvarsnivå skal bli klart definert i lova. Kommunen sin plikt til å sørge for at det finnes eit tilstrekkeleg antal barnehageplasser blir vidareført.

Når det gjeld utarbeiding av vedtekter for barnehagen så blir oppstillinga av dei punkta som skal vera med i vedtektene teke bort i forslag til ny lov; ”*Vedtektene skal gje opplysningar som er av betydning for foreldrenes / de foresattes forhold til barnehagen.*” (s.45-49)

Kommunen sitt ansvar som barnehagemyndigheit: Departementet foreslår få endringar, men ønskjer å at kommunen sin rolle som barnehagemyndigheit blir omtala direkte og meir samla i lov. Det er i dag spredt i ulike deler av lovverket. (s. 51 -53 + 54)

Prioritet ved opptak: Små endringar i lovteksta som går på nedsett funksjonsevne (i staden for barn med funksjonshemming), sakkunnig vurdering (sløyfa formuleringa om kor vidt barnet

kan ha nytte av barnehageopphaldet) og prioritet ved opptak etter at det er fatta vedtak etter Lov om barnevernstjenester. (s. 65-69)

Godkjenning av barnehager: Departementet vil ta vekk den gjeldande normen for barna sitt leike- og opphaldsareal., både ute og inne (s. 59).

Tilsyn: Departementet ønskjer å vidareføre kommunen sitt ansvar for det lokale tilsynet, innføre bestemmelser om statleg tilsyn (fylkesmannen) med kommunen sin rolle som barnehagemyndigheit og oppheve heimel for fylkesmannen sitt tilsyn med den enkelte barnehage (s.70-79).

Personalet, bemanning og krav til kompetanse:

Leiing og dagleg leiar:

Departementet vil framleis lovfeste at barnehagen må ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing og at barnehagen har ein dagleg leiar, men foreslår at eigar skal kunne gjevast fridom til å tilsette leiarar i "samsvar med lokale behov og prioriteringar". Det blir lansert to alternative løysingar for leiing av barnehagen: **A.** Barnehageeigar har ansvar for at barnehagen blir leia i samsvar med barnehagelov og forskrifter, og må vurdere kva som er forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. **B.** Ei vidareføring av kravet om utdanning; at dagleg leiar skal ha utdanning som førskolelærer (eller anna treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå og med eit tillegg av eitt års vidareutdanning i barnehagepedagogikk. (s. 80-87)

Øvrig personalet: Det blir drøfta om dagens norm for pedagogtettleik framleis skal vera lovfesta.. Her er det også skissert to mulige forslag; **1.** Vidareføring av norm for pedagogtettleik **2.** Oppheve norm for pedagogtettleik og nytte eit uspesifisert krav om at bemanninga skal bestå av fagleg kvalifisert personale. (s.88-94)

Det er tidlegare sendt ut eit nasjonalt foreldreopprop i forbindelse med forslag til ny barnehagelov (vedlagt). Oppropet vart for vår del sendt til medlemmane i arbeidsutvalget i foreldrerådet.

Det er viktig å gjera grundige vurderingar av dette lovforslaget. Det er fundamentale endringar av lovverket som blir foreslått. Det er også viktig å vurdere endringane opp mot kommuneøkonomi.

Vedtak/Høringsuttale:

Vi treng ei barnehagelov som opprettheld dei krava som ligg til barnehagen i dag. I ei tid med stadig strammare økonomi i kommunane er det lite strategisk å ta vekk det som ligg av normar til leikeareal ute og inne og norm til pedagogtettleik knytt til talet på barn i barnegruppene.

Talet på barnehageplassar er framleis ikkje utbygd i samsvar med krav om full dekning. Talet på utdanna førskolelærarar er heller ikkje høgt nok til å samsvare med behovet i ein ferdig utbygd sektor. Vi meiner det bør settast i gang sentrale kampanjer for å få utdanna fleire førskolelærarar framfor å ta vekk normen for pedagogtettleik.

Dersom desse normane blir teke vekk i sentrale lovverk, blir det opp til politikarane i den enkelte kommunen og andre barnehageeigarar å definere kva slag kvalitet det skal ligge i barnehagane. Dette meiner vi er uklokt , særleg på tampen av utbygginga og i ei tid med dårleg kommuneøkonomi mange plasser. Det nye lovverket kjem også i ei tid da statleg

finansiering av barnehagane skal endrast frå å vera øremerka til å ligge i rammefinansieringa som andre kommunale tjenester.

Vi vil at :

- Styrar skal ha førskolelærerutdanning
- Pedagogisk leiar skal ha førskolelærerutdanning
- Normen for pedagogtettleik skal aukast.
- Kravet til leikeareal ute og inne skal vidareførast

Kvaliteten i barnehagen som pedagogisk verksemd er heilt avhengig av at det er krav om førskolelærarkompetanse knytt til barnegruppene og hjå dagleg leiar /styrar.

Høringsutkast om ny barnehagelov - Kåja barnehage

Samarbeidsutvalget i Kåja barnehage krever at:

- normen for pedagogtetthet *ikke* svekkes
- at areal (kvadratmeter pr. barn) *oppretholdes* og helst økes
- at *styrer* i barnehagen *skal ha førskolelærer utdanning*

Dette fordi vi ønsker at barnehagen *fortsatt* skal være et sted der foreldrene er trygge på at barna blir tatt vare på på en best mulig måte. Barnehagen skal fortsette å være et sted som bidrar til god utvikling og vekst for barna.

Irene Nystad

Fra: Skåbu barnehage [skabubhg@start.no]
Sendt: 21. desember 2004 09:55
Til: Irene Nystad
Emne: barnehagelov!!

JN

Your mail has been scanned by InterScan VirusWall.

*****_*****

_ Hvorfor skal barnehagens kvalitet forringes etter 20 år med kamp for barnehagenes berettigelse og utvikling av barnehagens innhold ??

- Vil ikke det å fjerne krav til areal og bemanning bety å svekke kvaliteten i dagens barnehager??
- Vil flere barn på mindre plass gjøre barnehagene bedre ?
- Hva blir pedagogisk forsvarlig ledelse og drift, når det ikke finnes krav til verken kompetanse , eller norm for areal??

Jeg blir visst bare hengende ved det samme, og sier det på ulike måter, så da får dette være mitt lille bidrag.
mvh mette h